



Siggs Klemm og Steinar Myklebust, her ved grillen laurdag kveld - har ikkje merka finans-krisa! (Foto: Ola Matti Mathisen)

- Finanskrisa? Den har eg ikkje merka!

Den som seier dette til uskedalen.no er Siggs Klemm, sjølv superpioneren med omsyn til tysk reiseverksemd til Rabben Feriesenter.

Han har køyrd meir enn 100 turistar fra Bayern til Uskedalen denne sommarsesongen.

Dei har vore fordelt på bussar av ulik storleik. Akkurat no er Siggs her med ei gruppe på 27 og dei er her i ni døgn. Dei kjem frå ymse kantar av Bayern.

Eit tradisjonelt høgdepunkt under tyskarane sitt opphald her er det når verten Steinar Myklebust grillar laks. Det gjer han til dømes i kveld og korkje Steinar eller gjestene hans let seg skremma av litt duskregn.

Heller ikkje let dei fiskeglade tyskarane seg skremma av regn på fjorden. Steinar har denne veka hatt opptil 10 båtar utpå på ein gong.

Av Ola Matti Mathisen